


ANDRE BYGGEFORMÅL - forslag til grovsiling av innspel om andre byggeformål enn fritidsbustad og bustad. Kommuneplanens arealdel 2021-33

Arealstrategiar fra samfunnssdelen som er relevante for formåla:

1. *Bø utviklast som regionsenter for Telemark, Gvarv som lokalsenter for Midt-Telemark kommune og Akkerhaugen, Hørte og Nordagutu som grensesentra. Avgrensing av tettstadene følger prinsippa i gjeldande arealdelar.*
3. *Det leggast til rette for fortetting med fokus på kvalitet, vassvegar og grønstruktur i kjerna av alle sentra i kommunen*
4. *Det skal leggast til rette for at veksten i lokal persontransport skal takast gjennom gange, sykkel og kollektivtransport*
5. *Tenesteyting med høg besøksfrekvens og detaljhandel over 800 m² konsentrerast til Gvarv og Bø sentrum ved fortetting innanfor dagens sentrumsgrenser. Plasskrevjande handel kan etablerast utanfor sentrum i Oredalen, Brenna og Bø handelspark*
6. *Dyrka og dyrkbar mark, kulturlandskap, kulturmiljø og naturmangfold skal sikrast.*
7. *Viktige frilufts- og naturområde og tilkomst frå bustadområde skal sikrast*
8. *Strandsona skal sikrast for allmenta, samstundes som potensialet for å utløse aktivitet for turistnæringer og bustadutvikling vert ivaretatt. Bruken av vassdraget skal ikkje forringe verdiane i strandsona eller stenge tilgangen for befolkninga. Kommunen skal arbeide for å ivareta dei kulturhistoriske verdiane knytt til vassdraget.*
9. *Bygging av fritidsbustader skal skje ved fortetting i tilknyting til eksisterande område for fritidsbustader og styrking av eksisterande destinasjonar*

NB Innspel merka med x i kolonna lengs til venstre ligg innanfor kommunedelplan for Lifjell. Jf formannskapsak 66/20 blir ikkje kommunedelplan for Lifjell innlemma i ny arealdel og innspel om utbyggingsområde på Lifjell blir ikkje vurdert i denne planprosessen.



Nr	Generell info	Kart med innspel vist over dagens situasjon. Sjå også kommunekart.no	Forslag og planstatus	Kart med innspelet vist over gjeldande kommuneplan. Sjå også kommunekart.no	Vurdering i høve til gjeldande arealstrategiar	Tilråding
22	BØ HANDELS PARK FORSLAGSTILLAR: Bø handelspark GRUNNEIGAR: Bø Handelspark AS, CF Bygg Bø AS, Grivisvingen AS		G/BNR: 47/274, 343, 349 AREAL: 55 daa GRUNNGJEVING: Ønsker utv. av sentrum med ei "ytre sentrumssone" for handelsparken tilrettelagt for bilbasert handel og store bygningsvolum. PLANSTATUS: Komb. bygge- og anleggsformål		Arealstrategi 5 fastslår at det skal leggast til rette for detaljhandel innanfor dagens sentrumsgrense for Bø sentrum, dvs at utviding av grensa er i konflikt med denne strategien. Av denne går det også fram at det er plass-krevende varer det skal leggast til rette for i Bø handelspark. Dette innspelet vert likevel tilrådd tatt vidare til konsekvensutgreiing pga kompleksiteten i saka, slik at ein sikrar tilstrekkeleg utgreiing av konsekvensane før formannskapet skal ta stilling til om innspelet skal følgast opp i planforslaget.	GÅR VIDARE TIL TRINN 2
29	SUNDE FORSLAGSTILLAR: Jernbane- direktoratet GRUNNEIGARAR: Sunde, H, Sunde, G, Bane NOR		G/BNR: 118/1-2, 119/6, 119/12, 203/7 AREAL: Om lag 80 daa GRUNNGJEVING: Behov for å etablere ny tømmerterminal som erstatning for terminaler på Bø og Lunde stasjoner. Prioritert alt. i utgreiing frå Bane NOR 2019. PLANSTATUS: LNF, næring, hensynssone friluftsliv, faresone høyspent		Dagens tømmerterminal på Bø stasjon er uheldig både for næringa og for utnytting av verdifulle sentrumsareal tett på kollektivknutepunktet. Innspelet om å flytte denne til Sunde er difor i tråd med strategiane om å vidareutvikle Bø sentrum som regionsenter, fortetting i sentrum og kollektivtransport. Sjølv tømmerterminalen vil sannsynlegvis ikkje gje mange arbeidsplassar, men med næringsareal inntil, ligg det til rette for t.d. andre verksemder knytt til jernbanen og knutepunktet på Nordagutu. Meir enn halve området ligg allereie som byggeområde (næring), men ikkje med tilkomst frå fv3340, slik terminalen krev. I utgreiinga frå BaneNOR er ulike løysingar for terminalen vurdert. Desse får ulike konsekvensar for veg, dyrka mark og om det blir behov for innløsing av bygg. Dette må utgreiast nærmare i ein reguleringsplan eller kommunedelplan når endleg løysing er valt. Utgreiinga frå Bane NOR vert vurdert som tilstrekkeleg utgreiing på dette plannivået.	Ikkje KU-pliktig?

Nr	Generell info	Kart med innspele vist over dagens situasjon. Sjå også kommunekart.no	Forslag og planstatus	Kart med innspelet vist over gjeldande kommuneplan. Sjå også kommunekart.no	Vurdering i høve til gjeldande arealstrategiar	Tilråding
30	HERREMO FORSLAGSTILLAR: Espedalen, Kjell GRUNNEIGAR: Verpe, Hans		G/BNR: 28/6/1, 28/6 AREAL: 60 daa GRUNNGJEVING: Ønskjer å flytte maskinverksemد ut av naboeigedom som ligg innanfor omsynssona til Bø vassverk og legge til rette for anna verkstadverksemد. PLANSTATUS: LNF, hensynszone for støy fra skytebane		Innspelet er ikkje i konflikt med overordna arealstrategiar. Som ein del av planarbeidet vert det gjort ei vurdering av om gjeldande hensynszone for sikring av drikkevatn er tilstrekkelege. Innspelet må vurderast på bakgrunn av dette.	GÅR VIDARE TIL TRINN 2
31	BREIVA GJESTEGARD FORSLAGSTILLAR: Sør Arkitekter GRUNNEIGAR: Heldal, H, Østergaard, KM,		G/BNR: 9/32, 98, 501 AREAL: 43 daa GRUNNGJEVING: Ønskjer endring av formål for Breiva gjestegård i tråd med disp. for glamping. PLANSTATUS: Bustad, LNF og LNF B (spreidd bustadbygging)		Innspelet er ikkje i konflikt med arealstrategiane.	GÅR VIDARE TIL TRINN 2
32	RALLEVEGEN FORSLAGSTILLAR: Håkon Hegna GRUNNEIGAR: Håkon Hegna		G/BNR: 1/8 AREAL: 40 daa GRUNNGJEVING: Ønskjer å legge til rette for utviding og flytting av eks. komposteringsanlegg på motsett side av vegen PLANSTATUS: LNF, hensynszone friluftsliv		Området ligg i eit større viktig friluftsområde, men inntil veg og to andre mindre næringsområde. Konflikt med friluftslivet vil sannsynligvis avhenge av i kva grad innspelet berører stinettet.	GÅR VIDARE TIL TRINN 2
33	FOLKESTADÅSEN FORSLAGSTILLAR: Hellestad sandtak AS GRUNNEIGAR: Soterud, Sveinung		G/BNR: 9/2 AREAL: 40 daa GRUNNGJEVING: Behov for utviding av Hellestad sandtak PLANSTATUS: LNF, hensynszone for viktig friluftsområde.		Arealbehovsanalyse peiker på at det er behov for å sette av areal til råstoffutvinning. Utvidinga av sandtaket er forslått inn i eit smalare parti av eit viktig friluftsområde. Innspelet er i konflikt med strategi 7, men er vist i to ulike alternativ for å minimere konsekvensane for friluftslivet (begge ligg innanfor kartavgrensinga av innspelet). Innspelet gjeld utviding av ei større eksisterande verksemد som er knytt til ressursen på staden, og bør difor likevel vurderast nærmare i ei KU.	GÅR VIDARE TIL TRINN 2

Nr	Generell info	Kart med innspele vist over dagens situasjon. Sjå også kommunekart.no		Forslag og planstatus	Kart med innspelet vist over gjeldande kommuneplan. Sjå også kommunekart.no		Vurdering i høve til gjeldande arealstrategiar	Tilråding
34 x og 35 x	TORILLSTUL/ØSTERLIKOLLEN FORSLAGSTILLAR: Hytteutviklere på Lifjell GRUNNEIGAR: Bjarkø, Trygve			G/BNR: 10/10 AREAL: 90 + 30 daa GRUNNGJEVING: Dårleg massebalanse i utbyggingsprosjekt på Lifjell fører til betydeleg massetransport av pukk og stein. Behov for kortreist stein og pukk på Lifjell. Skiferforekomst i området. Behov for to uttak som kan suppere kvarandre. PLANSTATUS: LNF			Områda ligg i skråninga nedanfor eit større regulert hyttefelt. Nr 35 ligg om lag 130m frå nærmeste hyttetomt, medan nr 34 ligg på det nærmaste 300m frå regulert hyttetomt. Det må vurderast i KU om innspele vil styrke destinasjonen i form av enklare massetransport eller om dei negative konsekvensane i form av støy og naturingrep vil være større og dermed vere i konflikt med strategi nr 10. Nr 34 ligg nær regulert veg til hytteområdet, men tilkomst til nr 35 vil krevast det byggast ei lengre vegstrekning i eit svært bratt og krevjande terreng.	GÅR VIDARE TIL TRINN 2
36	VÅRBUSVINGEN FORSLAGSTILLAR: Kaasa Maskin AS GRUNNEIGAR: Østerli, Stein Helge			G/BNR: 18/29 AREAL: 10 daa GRUNNGJEVING: Behov for kortreist stein og oppfyllingsmasse til vegar og masseutskifting under hytter på tomter med dårleg grunntilhøve på Lifjell. Tenkt uttak på 5000m3. Ønskjer også å ta imot renskemasser fra byggemråda. PLANSTATUS: LNF			Innspelet er ikkje i konflikt med overordna arealstrategiar. I tillegg til steinmasser, er det behov for deponiområde på Lifjell. Innanfor aktsemrdsområde for snøskred, steinsprang og jord-/flaumskred. Viktig naturtype nær arealet, konsekvensar for naturmangfold og støy for hyttene i Vårbusvingen må vurderast i KU. Området ligg rett utanfor KDP Lifjell.	GÅR VIDARE TIL TRINN 2
37	BRATTESTÅ-LIABERGA, RV 36 FORSLAGSTILLAR/GRUNNEIGAR: Svalastog, Arne S			G/BNR: 191/5 AREAL: 19 daa GRUNNGJEVING: Ønskjer omdisponering av arealet til næringsareal. Halve området er planlagt som riggomr. for ny g/s-veg Gvarv-Mannebru PLANSTATUS: LNF			Arealbehovsanalyse viser at det er tilstrekkeleg med næringsareal i gjeldande planar, og det vil vere uehdlig med «klattvis» utbygging av mindre næringsområde, både av omsyn til landskap, utnytting av områda og avkøyringar til riksvegen. Området ligger inneklemt mellom rv 36, jernbane og dyrka mark, dvs at det er behov for 20-30m byggegrense i alle retningar. Med totalbreidde på om lag 100m, blir det vanskeleg å utnytte arealet.	GÅR IKKE VIDARE TIL TRINN 2
38	HØRTE FORSLAGSTILLAR: Cato Rekanes GRUNNEIGAR: Bay, Gunhild J G			G/BNR: 188/35 AREAL: 10 daa GRUNNGJEVING: Har behov for areal langs veg for parkering av laustraller. PLANSTATUS: LNF			Arealet er klassifisert som dyrkbart, men ligg på ei smal «hylle» mellom veg og bratt skråning i vest og ikkje i tilknyting til dyrka mark. Transportfirmaet som skal nytte næringsområdet er avhengig av areal for parkering av laustraller der dei ikkje er avhengige av å snu. Ledig næringsareal på industriområde vis a vis, men forslagsstiller har ikkje lykkast å få tak i areal her. Innspelet bør vurderast vidare, og m.a. konsekvensar for trafikk må vurderast.	GÅR VIDARE TIL TRINN 2

Nr	Generell info	Kart med innspele vist over dagens situasjon. Sjå også kommunekart.no		Forslag og planstatus	Kart med innspelet vist over gjeldande kommuneplan. Sjå også kommunekart.no		Vurdering i høve til gjeldande arealstrategiar	Tilråding
39 og 40	BRATTESTÅ- LIABERGA RV 36 FORSLAGSSTILLAR/ GRUNNEIGAR: Svalastog, Arne S			G/BNR: 191/12 AREAL: 12 + 7 daa GRUNNGJEVING: Ønskjer omdisponering av arealet til næringsareal. PLANSTATUS: LNF			Arealbehovsanalyse viser at det er tilstrekkeleg med næringsareal i gjeldande planar, og det vil vere uheldig med «klattvis» utbygging av mindre næringsområde, både av omsyn til landskap, utnytting av områda og avkøyringar til riksvegen. Delar av nr 39 sør for rv ligg i lågpunkt for 200-års flaum og nr 40 ligg innanfor flaumsona. Nr 40 er for smal til å få ei god utnytting med 30m byggegrense mot rv 36. Dyrkbar jord i begge områda.	GÅR IKKJE VIDARE TIL TRINN 2
41	HELLANDTUNET FORSLAGSTILLAR: Telemark Kompetansebygg AS GRUNNEIGAR: Midt-Telemark kommune			G/BNR: 55/11 AREAL: 0,25 daa GRUNNGJEVING: Planlagt påbygg vil ta noko p-areal. Forslagsstiller har difor behov for ei mindre utviding av dagens parkeringsareal. PLANSTATUS: LNF, hensynssone viktig kulturlandskap			Innspelet er klassifisert som dyrka mark, men ifølgje forslagsstiller blir ikkje arealet dyrka opp fordi det er vanskeleg å kome innpå med landbruksredskap slik arealet ligg som ein trekant inn mot innkøyringa til Hellandtunet. Innspelet gjeld om eit større eksisterande byggeområde skal utvidast med eit areal på 250m2, dvs ei mindre justering, og vert ikkje vurdert som KU-pliktig. Innspelet og avgrensing mot dyrka mark, evt konflikt med strategi 6, bør vurderast vidare i planarbeidet.	Ikkje KU- pliktig
42	BRENNA FORSLAGSSTILLAR: Sudbø, Helge GRUNNEIGAR: Sudbø, Helge			G/BNR: 191/29-30 AREAL: 13 daa GRUNNGJEVING: Eigedomen blir liggande inneklemt mellan rv 36 og næringsområde og er vanskeleg å nytte til landbruk og bustad. PLANSTATUS: LNF			Den delen av arealet som ligg langs vegen er dyrka mark, og innspelet er difor i konflikt med strategi om bevaring av dyrka mark. Disponeringa av areaala rundt, næring på tre sider og rv 36 mot sør, gjer det vanskeleg å utnytte dette arealet. Innspelet bør difor bli med vidare til trinn 2.	GÅR VIDARE TIL TRINN 2

Nr	Generell info	Kart med innspelte vist over dagens situasjon. Sjå også kommunekart.no	Forslag og planstatus	Kart med innspellet vist over gjeldande kommuneplan. Sjå også kommunekart.no	Vurdering i høve til gjeldande arealstrategiar	Tilråding
45	EVJU BYGDETUN FORSLAGSSTILLAR/ GRUNNEIGAR: Stiftelsen Evju Bygdetun		G/BNR: 188/14 AREAL: 25+2 daa GRUNNGJEVING: Stiftelsen ønskjer å kunne ta imot og sette opp bygg som ikkje er landbruksbygg. PLANSTATUS: LNF, hensynssone viktig kulturlandskap, hensynssone naturmiljø, faresone ras- og skred		Innspellet berører både dyrka mark, naturverdiar og rasfarleg område. Innspellet kan vere i konflikt med overordna strategiar på desse tema, men bør likevel gå vidare til trinn 2 for å vurdere kva avgrensning/formål som er riktig å nytte på Evju bygdetun for å legge til rette for byggetiltak her (f.o.f. ta i mot eldre bygg frå andre stader) utover det som LNF-formålet opnar for.	GÅR VIDARE TIL TRINN 2
46	NOTEVARP FORSLAGSSTILLAR/ GRUNNEIGAR: Sameiet Notevarp		G/BNR: 178/284 AREAL: 0,2 daa GRUNNGJEVING: Ønskjer å legge til rette for småbåtbrygge for dei 7 tomtene i sameiget og gjesteplass. Positive til å kombinere med tursti. PLANSTATUS: LNF, hensynssone for friluftsliv		Jf. samfunnssdelen skal arealplanar legge til rette for ein samanhengande «kyststi» langs Norsjø og Gvarv-/Bøelva. Forslagsstillar ønsker å legge til rette for det i kombinasjon med brygga. Innspellet bør bli med vidare til trinn 2 for å vurdere om det er i tråd med denne strategien og strategi nr 8 om å utvikle potensialet i strandsona samstundes som ålmenta skal sikrast tilgang.	GÅR VIDARE TIL TRINN 2

Nr	Generell info	Kart med innspele vist over dagens situasjon. Sjå også kommunekart.no	Forslag og planstatus	Kart med innspelet vist over gjeldande kommuneplan. Sjå også kommunekart.no	Vurdering i høve til gjeldande arealstrategiar	Tilråding
56	LIAGRENDA FORSLAGSTILLAR: Norsjø ferieland GRUNNEIGAR: VML Holding AS		G/BNR: 104/27 AREAL: 2,5 daa GRUNNGEJVING: Tilrettelegging for utviding av Norsjø ferieland. PLANSTATUS: Bustad, faresone for flaum		Innspelet er i tråd med strategi i samfunnssdelen om å legge til rette for vidareutvikling av Akkerhaugen som reisemål.	GÅR VIDARE TIL TRINN 2